Tokke

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/474-1

Sakshandsamar: Hilde Hagen

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	09.04.2025	32/25

2025/474 Søknad om etablering av dagsturhytte

Saksframlegg godkjent 31.03.2025.

Knut Erik Paulsen

kommunalsjef plan, næring og kultur

Vedlegg

1 Presentasjon for kommuner om dagsturhytter


2 Cross Cut - dagsturhytteplassering

3 2025/474 Søknad om etablering av dagsturhytte


Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok i juni 2024 å sette i gang eit forprosjekt om dagsturhytter i Telemark. «Målet er at alle kommunane i Telemark har satt opp ei attraktiv dagsturhytte innan utgangen av 2026.» I vedtaket står det blant anna at ein skal nytte eksisterande bygg, gjerne med kulturhistorisk verdi. Det er ynskjeleg å ha eit mikrobibliotek i alle hyttene og det er satt i gang eit kunstprosjekt til alle dagsturhyttene.

Feste har utvikla eit konsept som dei kallar eit hus i huset. Uavhengig av eksteriøret og den utvendige konstruksjonen, så vil Feste at ein kan sette eit hus inne i huset og få likt interiør og utforming. Det gjev fleksibilitet slik at ein enkelt kan demontere og tilbakeføre bygget til originalt bruk.



1:50 Snitt A



1:50 Snitt B



Finansiering av prosjektet og hyttene

- Sparebankstiftelsen Telemark og Sparebankstiftelsen Nome
- Telemark fylkeskommune
- Spillemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet og andre aktuelle tilskuddsordninger
- Mulig andel pr kommune, avhenger av kostnad for istandsettelse. Kommunen vil òg ha ansvar for å drifte hytta.

Saksutgreiing
Vi i administrasjonen har hatt ei rekke møte med fylkeskommunen og med Høgde. På grunn av tidsfristar har vi gitt eit administrativt positivt svar om å delta i prosjektet.

Organisering:

Prosjektleiar i Telemark fylkeskommune er Marte Aksnes som jobbar med idrett og friluftsliv til vanleg. Arbeidsgruppa for Dagsturhytteprosjektet har fordelt kommunane mellom seg og vi i Tokke kommune har vore så heldig å få Monica Sjølyst frå Høgde som vår kontaktperson. Monica Sjølyst er dyktig, og har jobba mykje med prosjektet 59`nord her i kommunen og Sogevegen i Seljord kommune, kor det vart etablert ei dagsturhytte som ei av dei fyrste i fylket.

Hos oss er det næringsutviklar og reiselivskonsulent som er ansvarlege for prosjektet. Vi har sett på lokasjonar og har sett for oss ein av desse nedanfor.




Cross Cut:

Vi har hatt møte med Høgde og dei ser på Cross Cut som ein del av prosjektet 59`nord. Dei har vore på befaring på området og meiner at det er moglegheit for å lage ein sti som kan bli universalt tilpassa bort til dagsturhytta. Dei ser på Cross Cut og området rundt som eit prosjekt med potensiale til å bli den nye «Hamaren». Hamaren har vore ein stor nasjonal og internasjonal suksess med 40 000 besøkande i 2024.

Her ser ein på destinasjon med moglegheit for mange forskjellige turløyper og moglegheit til å bade i jettegryter. Byggje «arbeiderboligar» til overnatting, sette i gang den gamle «tog»-linja og fortelje historiene som finnes meir eller mindre synleg. På Cross Cut er det berre dei gamle murane som er att, men det er mogleg å få dispensasjon dersom ein bygg eit tilsvarande hus i gamle materialar. Her er det òg behov for ei ny bru. Dette er kostnadar som ikkje prosjektet kan ta. Prosjektet er allereie forankra som ein moglegheit i lokalbefolkninga på eit møte Høgde hadde med dei i februar, dei er positive og det er stor dugnadsvilje.

Rue:

Vi har hatt eit møte med Tokke Il, som dei tok initiativ til og dei hadde ei ynskje om eit samarbeid om å etablere ei dagsturhytte opp mot Eidsborg. Vi har sett på nokre alternativ og har kome fram til at Rue ved inngangen til Lårdalsstigen kan vera eit godt alternativ. Vi har kontakta eigaren som ynskjer meir informasjon dersom han skal svare ja. Parkering er allereie etablert pga. Lårdalsstigen og det er moglegheit for å lage ein universalt tilpassa veg opp til hytta. Ei dagsturhytte kan vera ein kjærkommen stoppestad for dei som har gått Lårdalsstigen.



Dagsturhytter har blitt ein populær besøksdestinasjon. Agder fylke har satt opp dagsturhytter i kommunane sine og dei har oppdaga at det har blitt ein trend at både turistar og innbyggarane frå fylket besøker fleire av dagsturhyttene. På den måten kan ein si at dagsturhytter er eit berekraftig prosjekt. Kortreist tur, helsegevinst og positivt for det lokale næringslivet.

Ved å etablere ei eller fleire dagsturhytter vil det komme fleire besøkande til kommunen og det blir eit fint tilskot for innbyggarane våre.

Hovudmål for etablering av dagsturhytter i Tokke kommune:

- Utvikle ein ny eller vidareutvikle ein allereie etablert besøksdestinasjon.
- Fortelje og formidle ein unik historie på ein ny måte.
- Få nye brukargrupper til å komme seg ut i naturen.
- Fokus på universalt tilpassa turveg til dagsturhyttene.

Konklusjon
Vi syns det er veldig positivt at Telemark fylkeskommune har vedteke eit slik prosjekt som det her. Det fører til vi får tilgang til eit spennande samarbeidsprosjekt som i stor grad er finansiert gjennom prosjektet. Så å sei alle kommunane i Telemark fylke har takka ja til moglegheita.

Tokke kommune er i ein særstilling i Vest-Telemark når det gjeld kulturopplevingar og eit slik prosjekt vil forsterke det. Gjennom samarbeid med andre kommunar får vi fortalt om kor mykje unikt og spennande vi har å tilby, Tokke som reisemål får eit godt omdømme og kommune vår blir satt på kartet. Kommunalsjefen vil difor tilrå at Tokke kommune blir med i prosjektet, som er i tråd med gjeldande samfunnsplan og næringsvedteker.





Formannskap si handsaming av sak 32/2025 i møtet den 09.04.2025

Røysting

Framlegg om å endre punkt 1:

Tokke kommune er positive til å delta og løyve midlar til dagsturhytteprosjektet.

Framlegg om å stryke punkt 2.

Framlegg om endring i punkt 1 og blei samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Tokke kommune er positive til å delta og løyve midlar til dagsturhytteprosjektet.

Kommunedirektøren si tilråding

1. Tokke kommune innstiller positivt til å delta og løyve midlar til dagsturhytteprosjektet.
2. Løyving frå disposisjonsfondet etter saksframlegg når det førelegg meir informasjon og eit budsjett.